

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsuttale – forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning

Me viser til brev av 06.11.2009. Høgskulen i Sogn og Fjordane kjem med dette med høyringsuttale til framlegget til forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning.

Innleiingsvis vil Høgskulen i Sogn og Fjordane peika på at framlegget slik det ligg føre, legg rammer for ei framtidsretta og heilskapleg lærerutdanning. Me er positive til at rammeplanen no for første gong vert forma ut som forskrift, og at det nye nasjonale kvalitetsrammeverket ligg i botnen for arbeidet. Føremålsparagrafen sluttar me oss fullt ut til. Tilbodet skal vera ei praksisnær, integrert, profesjonsretta og forskingsbasert utdanning av høg fagleg kvalitet.

Nedanfor følgjer våre kommentarar til nokre av paragrafane.

§2 Læringsutbytte

Denne paragrafen tek føre seg kjernen i utdanninga der læringsutbyttet etter avslutta utdanning vert omtalt med omgrepa kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse som studenten har med seg ut i arbeidslivet. I ei forskrift til ein rammeplan må dette uttrykkjast på eit overordna nivå, og formuleringane får då ein generell karakter med lågt presisjonsnivå. Nokre område bør presiserast.

Entreprenøriell kompetanse

Høgskulen i Sogn og Fjordane er likevel glad for - og støttar - siste strekpunkt under FERDIGHETER om særskilt å trekkja fram entreprenørskap som eit viktig område. Men me føreslår ei lita omformulering og meiner omgrepet *entreprenøriell kompetanse* er meir dekkjande enn *kompetanse i entreprenørskap* i denne samanhengen, der også kulturlivet inngår i heilskapen. Oppsummert vil då det siste punktet etter forslag frå oss sjå slik ut:

Ferdigheter:

”kandidaten kan legge til rette for utvikling av entreprenøriell kompetanse gjennom samarbeid med lokalt arbeidsliv, samfunnsliv og kulturliv.”

Samarbeidet heim/skule

Også samarbeidet heim/skule bør ha ei sterkare presisering. I andre heilt sentrale styringsdokument som opplæringslova, Kunnskapsløftet og Stortingsmelding nr. 11 er denne dimensjonen svært tydeleg, men kjem berre indirekte fram i høyringsdokumentet. Me føreslår – slik FUG også gjer - desse formuleringane som nye strekpunkt:

Kunnskap:

” - kandidaten har forskningsbasert kunnskap om å samarbeide med alle foreldre og foresatte om å utvikle sosial og faglig læring, og for å skape et godt psykososialt læringsmiljø.”

Ferdigheter:

”- kandidaten skal tilegne seg ferdigheter i å samarbeide med foreldre på alle nivåer i skolen. Kandidaten skal kunne møte foreldre med profesjonalitet også i den utfordrende samtalen.”

Differensiering i to løp 1.–7./5.–10. – er denne tydeleg nok?

I formuleringa av læringsutbytte på eit overordna nivå er det vanskeleg og ueigna å formulera eit meir spesifikt utbytte. Det er ikkje nokon grunnleggjande forskjell på kva ein lærar på 5.-10. årssteget og ein lærar på 1.-7. årssteget skal kunna. Begge utdanningane må for eksempel ha ferdigheiter i klasseleiing og i å vurdere læring, men eksempla i undervisninga vert henta frå ulike aldersgrupper.

På 5.-10. årssteget ønskjer me å få inn ei formulering som sikrar at dei grunnleggjande ferdigheitene blir nedfelte i retningslinene for kvart enkelt fag (parallelt med Kunnskapsløftet).

Andre endringsforslag til § 2

- Til § 2, 2. strekpunkt under KUNNSKAP, omformulering slik: ”Kandidaten har kunnskap om læreplanarbeid og om skolen som lærende organisasjon”
- Til § 2, 2. strekpunkt under FERDIGHETER, omformulering slik: ”Kandidaten kan tilrettelegge for og lede inkluderende, utviklende og kreative læringsmiljøer”

Desse formuleringane finn me meir presise samstundes som dei gir viktige signal om korleis me oppfattar den gode skulen.

§ 5 Fritaksbestemmelser

Innpass

Høgskulen i Sogn og Fjordane ser det som føremålstenleg at det må kunna utvisast lokalt skjønner her, i alle fall i ein nærare tidsavgrensa periode. Forskriftsteksten brukar ordet ”bør”, som gir ei opning, og denne formuleringa må stå. Det må absolutt ikkje setjast stengsel for å kunna godkjenna skulefag eller skulerelevante fag inn i lærarutdanninga, men det må byggjast inn eit element der studenten kan kompensera for manglande fagdidaktikk/praksis ved å ta ein tilleggskomponent i det han manglar.

Fleksibilitet

Høgskulen viser til kommentarar på side 14, 2. avsnittet. Me viser til studentinitiativ om at det må inn ei formulering i forskrifta som gir studentar lovfesta rett til å kunna byta utdanningsløp mellom dei to differensierte løpa utan å måtte gå vegen om å søkja på nytt.

§ 6 Fristen for overgangsreglar

Forslaget om å kunna ta eksamen etter tidlegare rammeplan er sett for kort for studentar som av ein eller annan grunn har kome skeivt ut. Den føreslegne fristen vil slå særleg hardt ut for studentar som tek lærarutdanninga som deltid. Høgskulen i Sogn og Fjordane føreslær at fristen bør setjast til 31. desember 2016. Me vil vidare peika på at det i ein overgangsperiode må vera mogeleg å søkja dispensasjon om ytterlegare lenging av fristen i særlege tilfelle.

Med helsing

Rasmus Stokke
Dekan

Kjell Bergfjord
Studieleiar

